

- At vi er i Uskedalen er reint tilfeldig, vi skulle ha vore i Sundal men vinden bles oss hit. Det opplyste skipper Florian då uskedalen.no måndag føremiddag helsa på han og mannskapet ombord i den staselege siglaren Safier frå Nederland. Båten kom til båthamna kvelden før. Den 25 meter lange blå og grøne farkosten er eit kommersielt føretak som Florian og sambuaren Peggy står bak. Dei reklamerar millom anna med drømmereiser til Skandinavia.



Mannskap og passasjerar har det triveleg saman. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Peggy og Florian, som faktisk er frå det havlause landet Sveits, kjøpte Safier så seint som sist vinter. Med seg på siglturen denne gongen har dei Kim og Tom frå Amsterdam, Karin frå Sveits og Jan og Antje frå Groningen. Florian fortel at båten vart bygt foir 12 år sidan i Nederland og er ein fantastisk siglar.

- Men så er han også ein svært vellukka kombinasjon av Colin Archer og clipper. Han har teke opp i seg det beste frå dei to, seier skipparen. Han innrømmar at ein sveitsisk bank eig 80 prosent av foretaket og han og Peggy 10 prosent kvar.

Marknadsføringa har til no gått føre seg på internett under dette slagordet: 'Vind i sigla, sol i hjarta, ein smil i andletet'. Florian og Peggy tek med seg opptil 12 passasjerar på kvar tur og fristar stort sett med turar rundt det ein kan kalla Nordsjøbassenget med Bergen som det nordlegaste målet.

Det er ikkje tvil om at både eigarduoen og passasjerane so langt har teke desse orda ålvorleg, for det herskar ein glad og optimistisk stemning ombord.

Dei sju er også spontant begeistra for Uskedalen, men nederlendarane kjenner ingen trong for å ta ein rask tur på Nåso eller Englafjell sjølv om sveitsarane oppmoder om det.

Og no blir det spanande å sjå om dei kjem seg til Sunndal eller om dei må opphalda seg i Uskedalen ei natt til Vi tek gjerne imot fleire som vinden bles hit!

Av Ola Matti Mathisen